



Referat 22.08.18 møte med samarbeidsorganet for folkehelsearbeidet i Hordaland

Dato: 22.08.2018 kl. 10.00 – 14.00
Stad: Møterom Norhordaland, Fylkesbygget, Agnes Mowincels Gate 6, Bergen.
Til stades: Kjell Morten Stormark (UNI Research/RKBU Vest), Erik Iversen (Korus Vest), Jens Christoffer Skogen (FHI), Ellen Haug (UIB), Rita Agdal (HVL), Nils Helge Kvamme (Regionråd Hardanger + Voss), Anne Hildegunn Færøy (Regionråd Nordhordland), Morten Storebø (Samarbeidsrådet for Sunnhordaland), , Benedicte Løseth (Bergen kommune), Birthe Markeseth Åsen (Fylkesmannen i Hordaland), Anne Beth Njærheim (frem til 12 for Fylkestinget), Malene Kristine Alsaker (Ungdommens fylkesutval), Kjell Gitton Håland (frå 12.00 for Fylkestinget), Åse Fretheim (Nasjonalforeningen for Folkehelsen), Hanne Espe (HFK, Kultur- og idrettsavdelinga), Mette Nora Sætre (HFK, Regionalavdeling, Næringsseksjonen), Linda Farestveit (HFK, Opplæringsavdeling, Seksjon for Skule), Else-Marie Brobakke Aarø (HFK), Anne Mette Nesje Porten (HFK), Andreas Ask (HFK)

Forfall: Bente Guntveit (Regionråd Vest), Aina Tjosås (Samarbeidsrådet for Bjørnefjorden), Christoffer Kallestad Boge (NAV Hordaland), Jonas Askeland (Ungdommens fylkesutval)

Neste møte: 14.12.2018
Møteleiar: Bård Sandal, Fylkesdirektør for regional utvikling
Referent Andreas Ask, Anne Mette Nesje Porten

Velkomne til møte

Bård Sandal gratulerer med status som programfylke og takkar medlemene i samarbeidsorganet for godt utført arbeid med søknaden. Vidare formidla Bård Sandal at samarbeidsorganet sine råd og innspel i møtet vil ligge til grunn i den vidare behandling av kommunane sine søknadar inn i programmet. Dette går vidare til politisk orientering.

Presentasjonsrunde.

Sak 10/2018:

Referat og sakliste med dokument sendt ut etter sist møte. – *Referat godkjent.*

Sak 11/2018:

Else-Marie Aarø orienterte om.

- Aktivitetar og programdrift våren 2018.
- Orientering om søknadsprosessen og framdriftsplan.
- Det vil bli oppretta eiga mappe på hordaland.no med informasjon.
- Informasjon status følgjeevalueringa Sintef

Viktige moment frå denne:

- Kommunar treng god fagleg støtte i oppstartsfasa
- Planlegge evaluering samtidig med planlegging av tiltaket
- Samarbeid mellom kommunar og FoU-miljø allereie i søknadsfasen

Sak 12/2018:

Jens Christoffer Skogen Folkehelseinstituttet held innlegg om Helsefremjande tiltaksutvikling og evaluering.



Kommentarar i etterkant av innlegget:

- Fleire i samarbeidsorganet formidla at innlegget var svært nyttig.
- Om rapporten: Viktig funn er at det til no er langt færre kunnskapsopsummeringar av helsefremjande tiltak enn tiltak som har eit sjukdomsperspektiv.
- Det blei løfta fram frå medlem i samarbeidsorganet at i Sintef sin rapport er det til no lite effektevaluering av folkehelseiltak i kommunar som blei tekne opp i folkehelseprogrammet i 2017 og på det som definerer helsefremmende fokus med universell tilnærming.
- Jens Ch. Skogen presentere kort ny rapport frå folkehelseinstituttet.
Link til rapporten «Barn og unges psykiske helse: Forebyggende og helsefremmende folkehelseiltak. En kunnskapsoversikt (Rapport 2018)» : <https://www.fhi.no/publ/2018/barn-og-unges-psykiske-helse-forebyggende-og-helsefremmende-folkehelseilta/>

Sak 13/2018

Innleiing knytt til habilitet i samarbeidsorganet ved Bård Sandal:

- Jurist i Hordaland Fylkeskommune har føreteke ei vurdering av habilitet knytt opp mot samarbeidsorganet sitt mandat og samansetting:
- **Vi (HFK) vurderer habilitet i dei tilfelle der ein tenestemann er i tvil og har særlige interesser i den aktuelle søknad som behandlast.**

Innspel til saka:

- Fylket skal fatta vedtekta, men samarbeidsorganet skal vere rådgivande. (jf mandatet for samarbeidsorganet). Representantane i samarbeidsorganet er frå både kommunar, FoU-miljø, stat og andre og skal representere ulike interesser. Einskild medlemmer kan heller vurdere fråvær ved enkeltsakene.
- Samarbeidsorganet har ein rådgivande rolle og skal vere bevisst på skjønn og eigenvurdering i saka. Medlemene i organet bør så langt som mogeleg å opptre og utøve oppgåver i tråd med reglane for habilitet.
- Habilitet er noko ein bør ha fokus på ved kvart møte.

Sak 14/2018: Søknadsbehandling

Prosess leiar: næringssjef Mette Nora Sætre.

HFK orienterte om viktige milepælar for innsending av dokument til Helsedirektoratet

Innspel:

- Hordaland fylkeskommune ber samarbeidsorganet om råd ved val av programkommunar og tiltaksområde. Råd frå samarbeidsorganet vil ligge til grunn for Hordaland Fylkeskommune sitt endelege val ved opptak av programkommunar og tiltaksområde.
- I denne omgang ber vi om råd rundt tiltaksområde og innrulling av kommunar. Tiltak og tildeling av midlar kjem på neste møte 14. desember.

Søknadar i pulje 1 – opptak 2018:

Innspel på søknadane:

- Bergen kommune presiserte at etter presentasjon at deira samla søknad er tenkt som eit tiltak.
- Det kom forslag om å invitere inn søkjarkommunar til presentasjon og avklaringar angående deira søknad. Dette sidan nokre kommunar deltek i samarbeidsorganet og andre ikkje.
- Fleire medlemmer uttrykte at det var vanskelig å ta stilling til søknadane frå kommunane då dei framleis er i prosess. Særleg står igjen arbeid knytt til utvikling av tiltaket.



- Ved gjennomgang av søknadar er det representantar med tett tilknytning til nokre av søknadane. Nokon avstod her frå å kommentere eigne søknader.

Søknadane vert presentert og vurdert:

Innspel til vurdering:

- Nokre frå FoU-miljøa føler dei ikkje har eit godt nok grunnlag til å vurdere søknadane, og er usikker på kva for ein rolle dei skal ha i denne prosessen.
- Presisering frå HFK: Hordaland Fylkeskommune tek den endelege avgjerda, men bruker innspel og råd frå samarbeidsorganet i val av programkommunar.
- Vi har fått ein rammesøknad frå kommunane. Disse skal det jobbast vidare med for å utvikle til meir detaljerte og konkrete tiltak i samarbeid med FoU-miljøa.
- Kva slags ressursar har kommunane til å få til å utvikle tiltak i løpet av hausten 2018? – Svar frå HFK er at alt må ikkje vere på plass før desember, men vi må ha ei oversikt over tiltak som vi endeleg vurderer i møte i samarbeidsorganet 14.12. Det vil bli utvikla føringar på kva som skal utviklast for å få til gode tiltak i samarbeid med FoU-miljøa jf. innspel frå Sintef.
- Det er vanskelig for kommunane å trekke inn frivillig sektor så tidlig i prosessen før tiltaka er konkretisert. Samtidig seier kommunane i søknaden kva intensjonar kommunen har om samarbeid.

Søknadar frå Askøy, Bergen, Bømlo, Kvam, Kvinnherad og Stord

Samla råd å samarbeidsorganet:

- *Alle kommunane med deira tiltaksområde vart vurdert som klare til å bli programkommune.*
- *Hordaland fylkeskommune vil ta kontakt med programkommunane knytt til det vidare utviklingsarbeidet med prosjektplan/utvikling av tiltaket, også for å gje innspel og råd frå møtet med samarbeidsorganet.*

Forslag til budsjettfordeling av midlar frå Helsedirektoratet pulje 1 vart presentert:

- Spørsmål til budsjettfordeling: Binder vi alle pengane til disse programkommunane?
- Svar: Nei. Vi binder for 3 år. Og vidare arbeid vil være å jobbe med å motivere nye kommunar til å delta i neste søknadsrunde. Vi har i søknaden til Helsedirektoratet ikkje sagt at alle kommunane skal med, men Hordaland fylkeskommune ønskjer i 2019 å starte arbeid med kommunar for opptak i pulje 2. Samarbeidsprosjekt vil bli prioritert i arbeidet fram mot opptak av pulje 2.
- *Budsjett kan stå slik det vart presentert.*

Søknadsbeløp til pulje 1 vart presentert:

Innspel til vurdering av budsjett-tildeling pr. kommune.

- Vurdere eigenfinansiering opp mot søknadssum for å gi en meir rettferdig utdeling.
- Fleire kommunar har lagt av budsjett som prosjektleder. I Sintef sin rapport blir det løfta fram at ved ein del av prosjektledarane som vart tilsett er det mangel på kompetanse innan evaluering av tiltak.

Det vart foreslått å dele ut 300 000 kroner pr. kommune/tiltak for å starte arbeidet i 2018. Etter innspel frå samarbeidsorganet vil Hordaland fylkeskommune ta nærare kontakt med dei nye programkommunane for vurdering av behov til dette.



Kriterier for vurdering av søknadssum vart diskutert:

Innspel i vurdering av søknadssum:

- Lik tildelingssum for kommunar som søker alene, men sjå det opp mot eigenfinansiering.
- Om ein bør ha tak på del prosjektleiing, kjem an på tiltaket og kostnadar knytt til tiltaket.
- Ein må ta avklaring med kommunane fortløpande

Sak 15/2018

Det vart orientert om:

- Samarbeidsavtalar mellom programkommune og HFK
- Læringsnettverk program for folkehelsearbeid i Hordaland
- Deltaking frå samarbeidsorganet på eksterne programsamlingar
- Invitere Sogn og Fjordane som observatør til samarbeidsorganet

Semje om:

- Ved deltaking frå samarbeidsorganet ved nasjonale møteplassar ble det sett på som hensiktsmessig å vurdere deltakarar opp mot tema/program for dei ulike samlingane.
- Sogn og Fjordane vil bli invitert inn som observatør til samarbeidsorganet.

Sak16/2018

- Det ble orientert om førebels saksliste for neste møte i samarbeidsorganet 14. desember.